

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FE-033, HistSak-14/3748  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 07.09.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
107/20	Alver kommunestyre	17.09.2020

### **Interpellasjonar og spørsmål til kommunestyret 17.09.2020**

#### **Alver kommunestyre 17.09.2020:**

##### **Behandling:**

##### **Interpellasjon fra Anna Nordlund SV om å støtte oppropet "Evakuer borna frå Moria"**

Situasjonen for menneska i flyktningleiren Moria på Lesvas i Hellas har gått frå vondt til verre, til å bli ei humanitær krise. Leiren som er bygd for 3000 menneske husar no nesten 20.000. Talet veks frå dag til dag, og leveforholda i leiren blir stadig verre. Særleg for barn er tilhøva i flyktningleiren katastrofal, og barna blir skada psykologisk for livet av å bu der. Dei fleste er kronisk redde, mange er sjuke, skulegangen er marginal - for nokre få. Moria må evakuerast .

Over 2.500 personar har sendt e-post til utanriksministeren for å be ho finne dei politiske løysingane som er naudsynte for at barna kan bli evakuert. Alver kommunestyre støttar oppropet og vil arbeide for samarbeid med Lesvas for å betre vilkåra for flyktningane.

FN og Noreg forventar at kommunar og andre verksemder tek eit sjølvstendig ansvar for å fremje og respektere standarden for menneskerettar . Alver skal dermed vere ei kommune der menneske som kjem i krise og store vanskar skal få den hjelpa dei treng. Vår kommune har kompetanse og kapasitet til å busetje fleire flyktningar enn det regjeringa har lagt opp til, også når det gjeld einslege mindreårige, og ber regjeringa svare positivt på førespurnaden frå Hellas om å ta mot einslege mindreårige frå flyktningleirane.

I ei verd der menneskerettane er under press sender kommunestyret eit tydeleg signal om at kommunar og lokalsamfunn kan gå i front der statar svikter. Moria må evakuast. Noreg har eit ansvar. Europa har eit ansvar. Berre saman kan vi betre tilhøve for barna, dei fortener engasjementet vårt!

##### **Forslag til vedtak:**

1. Alver kommune støttar oppropet 'Evakuer barna frå Moria'
2. Alver kommune har kompetanse og kapasitet til å busetje fleire flyktningar enn det regjeringa har lagt opp til, også når det gjeld einslege mindreårige, og ber regjeringa svare positivt på førespurnaden frå Hellas om å ta mot einslege mindreårige og andre sårbare frå flyktningleirane.
3. Alver kommune krev at Noreg skal vere ein pådrivar for at menneskerettane blir

overhaldne i i europeiske flyktningelei rar, og at grunnleggende behov blir dekt.

**Tillegg til innsendt interpellasjon fra A.Nordlund-SV:**

- SV ber ordføreren og kommunestyret om å støtte kampanjen, fra 5 AP-veteraner, "500 fra Moria - ikkje 50".
- SV ber også om å se på muligheten for å bosette 50 personer i Alver. Primært barnefamilier og sårbare barn.

**Svar frå ordførar:**

Svar på interpellasjonen «Evakuer barna fra Moria nå»

Ordførar vil minne kommunestyret og interpellanten om at reglementet for politisk styring seier at interpellasjonar skal brukast til spørsmål av prinsipiell art, og vil således oppmøde alle til å følgje dette ved seinare interpellasjonar. Ordførar er glad for at interpellanten sjølv er merksam på dette.

Interpellasjonen «Evakuer barna frå Moria no» viser til eit opprop frå i vår, som vart skrive under av enkeltpersonar, kommunar og organisasjonar. Temaet er like aktuelt i dag, og blitt meir aktuelt etter brannen i Moria førre veke.

Som medmenneske synast eg det er forferdeleg å sjå situasjonen som er mange stader i verden – ikkje berre i Moria. I følgje FN er det over 70 millionar menneske på flukt i verda. Eg trur vi alle kjenner på fortvilelsen over forteljingane om menneske på flukt og overfylte flyktningeleiarar rundt om i verden der menneske lever under forferdelige forhold. Og eg trur vi kjenner på avmakta ved å ikkje kunne hjelpe alle.

Moria-leiren var bygget for langt færre menneske enn dei som har opphaldt seg der, og det har vore ein under stadig forverring, og situasjonen forverra seg enno meir med brann førre veke. Den humanitære situasjonen har vært svært alvorleg lenge, og flere land har meldt at de er villige til å hente ut mindreårige flyktninger fra Hellas. Norge må òg ta sin del av ansvaret for å redde barna ut. Hellas har ikkje kapasitet til å handtere situasjonen på eiga hand. Vi kan ikkje fråskrive oss det solidariske ansvaret vi har for å gi en livreddende håndrekning.

Ordførar meiner at Alver har god kompetanse og erfaring med å busetje flyktningar, og dei bidrar positivt til våre lokalsamfunn. Eg vil legge til at framlegg til vedtak pkt. 2 ikkje er vurdert av administrasjonen.

Prinsipielt meiner ordførar at norsk flyktningpolitikk er spørsmål som skal behandlast at nasjonale myndigheter, men kjem det spørsmål om Alver kan bidra, meiner eg at Alver har god kompetanse på dette feltet.

Av solidaritet og medmenneskelegheit, vil ordførar derfor støtte oppropet om å evakuere barna frå Moria, og er einig med interpellanten om at 50 ikkje er nok.

Når det gjeld moglegheita for å bersette 50 personar i Alver, meiner ordførar at Alver har god kompetanse på feltet, men at kapasitet bør vurderast, og tilrår at dette vedtakspunktet vert oversendt til ansvarleg utval.

Det vart røysta over realitetsbehandling av saka. Det vart vedteke mot 11 røyster (H, FRP, T.Sletten-Hansen-FNB og Aa.Karlsen-FNB)

**Framlegg:**

Alver kommune støttar intensjonen i kampanjen "50 er ikke nok"

Framlegget vart vedteke mot 11 røyster (H, FRP, T.Sletten-Hansen-FNB og Aa.Karlsen-FNB)

Alver kommunestyre bed om at det blir sett på muligheten for å bersette 50 personer i Alver, primært barnefamilier og sårbare barn.

Oversendast til utval for helse og omsorg.

Framlegget vart vedteke mot 11 røyster (H, FRP, T.Sletten-Hansen-FNB og Aa.Karlsen-FNB)

**KO- 107/20 Vedtak:**

Alver kommune støttar intensjonen i kampanjen "50 er ikke nok"

Alver kommunestyre bed om at det blir sett på muligheten for å bersette 50 personer i Alver, primært barnefamilier og sårbare barn.

Oversendast til utval for helse og omsorg.

**Vedlegg i saken:**

24.06.2020      Interpellasjon til kommunestyret 17.09.2020  
(dat.24.06.2020)

1412721